
Vår referanse 2020/37733-16
Dato 03.11.2020

SIVA - SELSKAPET FOR INDUSTRIVEKST SF
Postboks 1253 Torgarden
7462 TRONDHEIM

Ekstra oppdragsbrev til Siva frå Vestland fylkeskommune oktober 2020

Vestland fylkeskommune har fått i oppdrag av Kommunal- og moderniseringsdepartementet å overføre ekstra tilskot til næringshage- og inkubasjonsprogramma gjennom Siva. Jamfør brev frå KMD, datert 19.10.2020, tilsagnsnummer 510.012.

Det vert med dette overført kr 5.500.000 til Siva.

Midla er øymerka næringshage- og inkubasjonsprogramma, og er knytt til ramma på kap 553, post 61 Mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling.

Midla skal stimulere til utvikling av gode prosjekt, som kan gje grunnlag for lønsam utvikling når Noreg beveger seg ut av korana-krisa.

Midla skal bidra til at næringshagane og inkubatorane fortsatt kan bistå bedrifter som har behov for kompetanse, nettverk og andre vekstfremjande tiltak etter virusutbrotet. Men det er eit rom for regional tilpassing av innsatsen ut frå regionale behov og prioriteringar.

Den totale fylkesfordelinga på 40 mill kroner er basert på Siva sin oversikt over samtlige av næringshagane og inkubatorane sine innmelde estimat på forbruk og behov for ekstra midler i inneverande år.

Dette er det innmelde behovet frå operatørane i Vestland fylke:

Programoperatører	Behov 27	Behov 28	Totalt behov
Aksello AS	500 000	500 000	1 000 000
Atheno AS	100 000	300 000	400 000
Gulen og Masfjorden Næringshage		0	0
Industriutvikling Vest AS	150 000	300 000	450 000
Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS	200 000	400 000	600 000
Nordhordland Næringshage		0	0
Næringshagen i Hardanger	50 000	100 000	150 000
Næringshagen på Voss	0	0	0
Sognefjorden Næringshage	240 000	0	240 000
Stryn Næringshage	200 000	400 000	600 000
VIS AS	2 000 000	1 000 000	3 000 000
	3 440 000	3 000 000	6 440 000

Det er då ein differanse på kr 940.000 mellom det innmelde behovet og dei midla som er gjort tilgjengelig frå KMD.

Vestland fylkeskommune har i samarbeid med Siva gjort følgjande vurdering;

Vestland fylkeskommune har vald å ta ei prosentvis fordeling av det innmelde behovet. Til dømes har Aksello AS meldt inn eit behov på 15,5 % av det totale behovet på 6.440.000 i Vestland. 15,5 % av ramma på 5.500.000 kr er kr 854.037.

Tildelinga til den einskilde operatør vert som følgjer:

Programoperatører	Totalt	Art 27	Art 28
Aksello AS	854 037	427 019	427 019
Atheno AS	341 615	85 404	256 211
Gulen og Masfjorden Næringshage	0	0	0
Industriutvikling Vest AS	384 317	128 106	256 211
Kunnskapsparken Vestland AS	512 422	170 807	341 615
Nordhordland Næringshage	0	0	0
Næringshagen i Hardanger	128 106	42 702	85 404
Næringshagen på Voss	0	0	0
Sognefjorden Næringshage	204 969	204 969	0
Stryn Næringshage	512 422	170 807	341 615
VIS AS	2 562 112	1 708 075	854 037
Totalt	5 500 000	2 937 888	2 562 112

Midla skal nyttast slik at næringshagane og inkubatorane i Vestland framleis kan yte bedriftene i sin region dei tenestene dei har behov for ut 2020.

Vestland fylkeskommune ber Siva om å utbetale midla til operatørane snarast mogeleg.

Ellers gjeld opprinnelege oppdragsbrev frå Vestland fylkeskommune til Siva for 2020.

Med helsing

Ingrid Holm Svendsen
fylkesdirektør

Mette Nora Sætre
seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift